

## **PÅLEGG –HMS-arbeid- Tiltak og plan**

**Verneombod, leiande helsesøster og leiar har i møte i dag sett på følgande Risikoområder/tiltak:**

1.

Travle dagar- avvik i høve planlagte arbeidsoppgåver  
Manglande moglegheit for konsentrasjon om arbeidsoppgåvene innanfor mangfaldet av arbeidsarenaer  
Manglande sluser- for stor grad av tigjengelighet

Risikoanalyse:

Kan bli for lita tid til lovpålagt dokumentasjon  
Fare for brot på teieplikt  
Manglande arbeidsro for helsesøster

Tiltak:

Legg inn dokumentasjonstid i timebok  
Elektronisk timebestilling som vert innført i haust, kan avlaste telefonhenvendinger.  
Oppdatert heimeside  
Nytt skilt på frontdør med oppdatert informasjon  
Nytt skilt på helsesøster si kontordør, men tekst opptatt/stengt  
Innføre telefontid, og fordele denne mellom helsesøstrene.  
Nytte bærbar pc på skule og heimebesøk/ansvarsmøter, desse er innkjøpte og allerede i bruk.  
Samarbeidsmøte med helsesøster, verneombod og leiar 1 gong pr halvår, neste møte planlagt 26.11.14.

Desse tiltaka vert gjennomført i løpet av september 2014.

Ansvarleg: Leiar og leiande helsesøster.

2.

Tydeleggjering og prioritering av kva samarbeidsaktivitet helsestasjonen skal engasjere seg i

Risikoanalyse:

For lita tid til lovpålagt oppgåver kan gje avvik  
De utrolige årene er samarbeidsprosjekt med Lindås og Modalen, og var prosjektfinansiert til juli 2014.

Zippy undervisning, tilbud til 1-2 klasse med helsesøster og kontaktlærer. Disse programma er ressurskrevjande /tidkrevjande.

Tiltak.

De utrolige årene har ikkje finansiering vidare ut 2014, og vert nedlagt.

Zippy vert vidareført av kontaktlærer, uten helsesøster frå 01.09.14.

Ein vil også sjå på dette i budsjettprosessen for kommunen for 2015, prosessen startar hausten 2014.

Ansvarleg: Kommunalsjef og leiar.

3.

Framtidige endringar med omsyn til brukergrupper og dette målt i auka kompetanse- og ressursbehov

Risikoanalyse:

Oppfølging av foreldre, born og unge med problem og psykiske vansker, som tek tid frå lovpålagte oppgåver.

Innføring av nye retningslinjer vedrørende born og unge med overvekt, som fører til auka oppfølging når problem vert avdekka.

Tiltak:

I omstillingsprosessen (som tidlegare er omtalt i rapporten) ser administrasjonen på bruk av kommunepsykolog og avdeling psykisk helse, som kan ta vidare oppfølging som trengst.

Ansvarleg : Kommunalsjef

Born og unge med overvekt.

Fredag 29.08.14 er det samarbeidsmøte mellom leiar, helsesøster og fysioterapeut ved privat treningscenter. Har laga utkast til endringsprogram over 8 veker, og det er planlagt oppstart i oktober.

Ansvarleg : Kommunalsjef, Leiar, og leiande helsesøster.